

Til Planavdelinga i Kinn Kommune  
v/ Heidi Dyrøy

**Flora Industri og Næringsforening (FIN) sine merknader til «Kommunedelplan for Florelandet Brandsøy» med høyringsfrist 14. februar 2020**

PLANID 20170001 – mottak: [postmottak@flora.kommune.no](mailto:postmottak@flora.kommune.no)

---

FIN sitt styre har følgjande merknader til kommunedelplanen:

**INDUSTRIAREAL GUNHILDVÅGEN:**

- Gunhildvågen er svært godt eigna til framtidig industri- og næringsareal.
- Ein må ikkje redusere arealet som tidlegare er sett av til industri i Gunhildvågen, men heller utide det og legge til rette for meir industriareal. Om nødvendig må kommunen vurdere oreigning for å få fortgang i utviklinga av området. Området må vere ope også for annan industri enn berre fiskerirelatert næring slik det tidlegare har vore planlagt.
- Kommunen bør legge inn i planen at området til og med Måsholmen blir sett av til industri-/hamneområde. Dette området er eigna til å plassere overskotsmasse frå utbygginga av storhall og andre byggeprosjekt, og ein kan dermed legge til rette for ei framtidig containerhamn der.
- Dei store aktørane som Global, Cargill mfl. har peikt på viktigheita av at ei framtidig containerhamn blir lokalisert i Gunhildvågen. Dei peikar på at dette vil redusere den store trailertrafikken med containerar gjennom sentrum.
- FIN meiner at desse innspela må vurderast sterkt nå ein skal ta ei avgjer av kvar det skal byggast containerhamn i Florø.

**FLYPLASSEN:**

- FIN er svært positive til utviding av flyplassen til 2000 meter, og ser på det som viktig å sette av areal til framtidig utviding. Samtidig må ein legge inn planar for bygging av veg til Reksta og øyane i vest.
- Forlenging av flyplass bør ikkje få konsekvensar for dagens bruk av bustadarealet mellom flyplassen og Storåsen, sidan det i vedlegg (utgreiing kring utviding av flyplassen) til planen står at støysona ikkje blir endra med utbygging opp til 2000 meter.  
«Den støysona som i dag ligg inne for Florø lufthamn er dimensjonert for ei mykje større trafikkmengd enn som er der per i dag. Ved ei utviding av Florø Lufthamn vil ikkje støysona endre seg vesentleg i nordgåande retning opp i mot boligfelt, men meir mot vest slik at bebuarar på Færøya kan oppleve eit auka støynivå. Dersom ein ynskjer ei 3000 meter lang rullebane vil dette truleg stille seg annleis.»
- Det bør derfor framleis vere høve til bustadbygging i dette området, og avgrensingane som utkastet til planen viser takast bort

**PARKERINGSKRAV:**

- Kravet til tal parkeringsplassar pr. 100 m<sup>2</sup> næringsbygg (hotell, lager, næring m.m.) må reduserast.

**PARKSLIREKNE:**

- Kommunen bør sette av eigna område til deponering av jord med parkslirekne – slik at dette ikkje blir spreidd meir enn nødvendig.

Florø 13. februar 2020

  
Gustav Johan Nydal  
Leiar FIN